

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kunna seia noko om boka du les framføre klassen - Vita kva som er "heime" for deg - Finna ut kva du vil ha i musikkvideoen
Engelsk	- Samtala om hendingar i ei historie - Kunna trekka fram viktige punkt i ei historie - Kunna diskutera karakterar og deira val ut frå ei historie
Matematikk	Sjå læringsmål til halvårsvurderinga på OneNote.
Samfunnsfag	- Forklara korleis kvinnenenes vilkår har endra seg i Noreg dei siste 150 åra, og visa til parallellar andre stader i verda. - Samanlikna to land med utgangspunkt i statistikk, og forklara kvifor desse landa har utvikla seg som dei har.
KRLE	- Vita noko som jødedom, kristendom og islam har til felles - Kunna seia noko om det gamle testamentet
Naturfag	
Kunst og håndverk	
Spansk	Sjå læringsmål til prøve som er delt på ON.
Tysk	Kunna bruka verbet «essen» og snakka om kva ein liker/ ikkje liker av mat
Eng fordjuping	- Talk about things that has something to do with Christmas - Make podcasts
Arbeidslivsfag	- Laga ein krakk - Planleggje og gjere ein innsats for andre
Kroppsøving	Basis - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar. - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar Symjing: - Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre

Fysisk aktivitet	• Visa god innsats • Arbeida med å gjera kvarandre gode
Friluftsliv	Avspasering fram til nyttår
Design og redesign	• Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte.
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter

INFORMASJON TIL HEIMEN

Hei, Verda!

Takk for ein fin kveld onsdag 26.november. Elevane koste seg med aktivitetar, loddsal, konsert og kafé. Takk til dei som hadde med mat til kaféen! Kjekt å sjå at så mange tok turen og bidrog til innsamlinga til skular i Peru. Me vaksne hadde god drøs med dei gode foreldra og føresette til elevane våre. Takk for bidraget!

Ny elev

På måndag får med ein ny elev på trinnet. Han skal begynne i klasse 8A. Velkommen til Bryne ungdomsskule!

Adventstid

Me går inn i adventstida på BUS. Me har ikkje adventskalender med gåver, men ein aktivitetsskalender. Kvar dag har me fokus på at elevane klassen skal gjere ein aktivitet i lag. Det er aktivitetar som å sjå ein julefilm med popcorn, julebingo med Brit, eller ein leik på 10 minutt i ei økt den dagen. Det blir ei kjekk og *jille* tid med drypp av gleding heile desember.

Matematikk - terminprøve tysdag

På tysdag 2.desember skal elevane på trinnet ha terminprøve i matematikk 2.-4.økt. Det er vanleg undervisning i 1.økt. Elevane må ha med vanleg matpakke og sjekke at dei har alle

skrivesaker i orden, som blyant, spissar, visk og linjal. Dei bør òg ha med alt av mattebøker. Elevane sitt til 11:30. Dei som har rett på ekstra tid kan sitja til 12:00.

Helsing oss på 8.trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
49	Halvårsvurdering i matematikk, tysdag 02.12 Boksamtale Engelsk
50	Spanskprøve, torsdag 11.12
51	

HEIMEARBEID VEKE 49

Norsk	Les 3 X 15 minutt i boka di. Registrer sidetalet til læraren din i slutten av veka. NB! Du må begynne å filme/ ta bilde frå kva som er heime for deg.
Matematikk	Forbered deg til vurdering i matematikk tysdag. Målark og repetisjonsoppgåver ligg på ON.
Samfunnsfag	Du får heimearbeidet som gjeld din klasse på ON.
Engelsk	Du får heimearbeid på ON.
Engelsk fordjupning	Spel inn podcast
Spansk	Repeteer bruk og bøying av verba ser,tener og estar. Gjer oppgåve 5 s. 57 i arbeidsboka. Skriv av teksten og fyll inn rett form av verba.
Tysk	Skriv 7 setningar med alle vekedagane og noko du kan ete. (Døme: Montags esse ich Pizza mit Ananas, Hackfleisch, Käse und Mais. Dienstags esse ich....)
Kroppsøving	Basis: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne. Symjing: Partalsveker: 8AC. Oddetalsveker: 8BD.
Fysisk aktivitet	Møt i Timehallen med gymklede, innesko. Følg med på Teams for meir informasjon. Tema: Basketball, hele gruppa i Timehallen
Friluftsliv	Avspasering
Kantine	Me skal laga mat. Møt på kjøkken. Hugs forkle, innesko og iPad.

HEIMEARBEID VEKE 50

Norsk	Les 3 X 15 minutt i boka di. Registrer sidetalet til læraren din i slutten av veka. NB! Har du filma ferdig? Tatt bilder?
Engelsk	Du får heimearbeid på ON.
Matematikk	Innan torsdag: Gjer oppgåve 1.71, 1.72, 1.73, 1.74 og 1.75 side 56 i grunnboka. Gjer oppgåvene i arbeidsboka di, ta bilete av arbeidet ditt og legg det inn under heimearbeid i matematikk på OneNote.
Samfunnsfag	I første samfunnsfagstimen denne veka får du ut ei oppgåve du skal presentera etter jul. Les nøye gjennom oppgåva heime, og sjekk at du har forstått kva oppgåva spør om. Lag deg ein disposisjon for korleis du kan svara på oppgåva.
Engelsk fordjupning	Spel inn podcast
Spansk	Øv til prøve med utgangspunkt i læringsmål delt på ON.
Tysk	Finn ein tysk julesang og skriv opp refrenget.
Kroppsøving	Basis: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne. Symjing: Partalsveker: 8AC. Oddetalsveker: 8BD.
Fysisk aktivitet	Møt i Timehallen med gymklede, innesko. Følg med på Teams for meir informasjon. Tema: Basketball, hele gruppa i Timehallen
Friluftsliv	Avspasering
Kantine	Møt i klasserommet. Hugs iPad.